

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 18.11.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Forslaget til revidert arealdel av kommuneplanen for Granvin herad vidarefører det gode arbeidet som har vore lagt til grunn for noverande kommuneplan, som bygger på gode analyser spesielt når det gjeld landskap.
2. Utbyggingsmønster:
Arealstrategien for tilrettelegging av bustader i sentrumsnært område og avgrensing mot landbruksområdet er eit godt grep som er i tråd med regionalpolitiske mål om styrking av sentra og tilrettelegging for attraktive sentrumsområde. Heradet bør likevel vere varsam med å bygge ned landbruksareal i aktive landbruksgrender der planen opnar for spreidd utbygging.
3. Kulturminne og kulturmiljø:
 - a) Det er fleire kjende kulturminne innafor SB9 Kjerland, LNF – område der spreidd utbygging av bustader er tillete. Kultur- og ressursutvalet ber om at følgjande tekst vert teke inn i føresegnehene:
 - Ved utbygging i LNF med spreidd busetnad skal det takast omsyn til bevaring av eksisterande bygningar, anna kulturmiljø og landskap. Jf. pbl. § 11-9 nr. 7.
 - For område SB8 og SB9, LNF – område der spreidd utbygging av bustader er tillete, skal alle saker sendast Hordaland fylkeskommune for vurdering.
 - b) Bustadområda B11, B12 og B13 har eit visst potensial for funn av automatisk freda kulturminne. Undersøkingsplikta, § 9 i kulturminnelova, må avklarast på reguleringsplannivå.
4. Samferdsel:
Fokus på utvikling av gang- og sykkelvegar er i samsvar med regionale interesser og mål.
Det er vanskeleg tilkomst til Fv 7 frå område B9 og B13 og støyutfordringar for område B13. I tråd med merknad frå Statens vegvesen må byggegrense langs riks- og fylkesvegar takast med i føresegnehene slik: «Byggegrense langs riks- og fylkesveg er 50 meter dersom ikkje anna er fastsett i reguleringsplan.»
5. Kultur- og ressursutvalet frårår bustadområdet B13 Kongstun grunna vanskeleg tilkomst, støy, potensielle for automatisk freda kulturminne, landskap og friluftsliv.